

Gnr.233 bnr.6 Eidet. Forslag til driftsplan

Bruket sine ressursar:

- Driftsbygning i brukbar stand, men ikkje tidsmessig til husdyr. Bygningen er grindbygd på ein fin gråsteinsmur. Den inneheld rom for husdyr og eit fruktlager. Dersom det skal vera husdyr i driftsbygninga må det mykje opprusting til, blant anna nytt golv.
- Vaskehus i dårleg stand.
- Relativt nytt naust i god stand.
- Eldre areal som har vore brukt til frukt og bær dyrking som er gjengrodd.
- 5da fulldyrka jord i bra stand, halden ved like av nabo.
- 25da innmarksbeite.
- 200da god skogsmark. Skogen er til dels hogd for ein del år sidan og kan tilplantast (er tilplanta). Lauvskogen som står ovanfor driftsbygninga er opprinneleg den gamle frukthagen som no er gjengrodd.
- Lang strandline.
- Sentral beliggenheit på Ostereidet.
- Lett tilkomst til fine turområde.
- Rett til båtfeste ved Eidatre.

Eigedomen har ikkje vore i bruk som sjølvstendig driftseinheit på mange år. Dette skuldast at Kjellaug Mjelstad Eide, bestemor til noverande eigar, var eigar av eigedomen fram til 2014, men har vore for gamal til å utføre noko fysisk arbeid. No har borneborn m/familie overteke garden og har eit ønskje om å busetje seg på eigedomen, restaurere bygningsmassen, setje areala i stand og halde dei i hevd. Å utvikle moglegheitene for å tene pengar på eigedomen står også sentralt i planane for eigedomen, men vi ser for oss at dette vil ta litt tid.

For å få realisert planane med eigedomen er det ein viktig forutsetning at vi bur på garden, og at vi over tid vert kjend med eigedomen og det unike potensialet som er der. Å busetje seg i eit byggjefelt 2 km unna vil ikkje vera lønsamt og praktisk for drifta av garden. Det vil verken vera miljøvenleg eller dyrevenleg å ikkje bu på same stad som driftsbygning og beiteområder, og tilknytninga til plassen vil ikkje verte den same. Vi er veldig oppteken av levande bygder og derfor er det å bu på garden ein viktig føresetnad for å få gjennomført planane våre.

Å få eigedomen attende i god stand vil ta tid. Vi ser derfor for oss å dele arbeidet med å ta eigedomen i bruk i to fasar. Vi trur fase 1 vil krevje dei fem første åra.

Fase 1: Istandsetjing av eigedomen

Slik vi ser fase 1 – istandsetjing av eigedomen – har denne fasen følgjande innhald og prioritering:

- Bygging av bustadhus.
- Rydding av lauvskog og fristilling av den gamle frukthagen, gråsteinsmuren rundt innmarka og dei gamle bygningane som står i tunet.

- Under arealryddinga ser vi for oss å ha nokre få sauer som hjelper oss å halde dei rydda areala i god stand.
- Vi veit det er svært godt grunnlag for å ta opp att bær dyrking, fruktproduksjon, økologisk landbruk med blant anna grønsaker og egg, honningproduksjon osv. Dette er noko vi kjem til å ta til med, og helst i fase 1.
- I denne fasen må vi også lære eigedomen å kjenne og vurdere korleis vi kan utvikle eigedomen vidare. Moglege retningar kan vera «inn- på- tunet»: eit tilbod til skule- og barnehage der ein har delar av undervisninga knytta til drifta på eigedomen. Vi har allereie vore i kontakt med dagleg leiar i Ostereidet Barnehage, Ruth Henanger Jordal, og dei stiller seg svært positivt til forslaget. Å ha moglegheita til å gje born opplevingar på ein gard rett i nærleiken er verdifullt for bygda og for utviklinga av borna sitt førehald til dyr, natur og miljø. Det kan også kanskje vera moglegheit for litt turisme på garden – strandlina og naustet kan brukast, i tillegg til tuområda rundt og nærleik til fjella innanfor.

Vi er av den oppfatning av at fase 1 vil vare i nokre år. Kommunen sitt ønskje om at vi skal lage ei plan for drift med fem års varigheit, meiner vi er vel optimistisk dersom det kommunen ber om er detaljerte planar for eigedomen som kan realiserast innan 5 år. Dette skuldast at det er svært mykje som må gjerast og at vi begge må gå i full jobb. Vi må også bu ein annan stad til nytt bustadhus er komen opp, og det betyr at vi ikkje har moglegheit til å jobbe på garden kvar dag. Og dersom vi ikkje får byggje på garden vil det også gjere det mykje vanskelegare å setje planane våre ut i livet.

Fase 2: Drift

Fase 2 – på dette stadium, når fem år er gått – kan vi halde eigedomen i full drift på dei premissar som eigedomen gir:

- Frukthagen er satt i stand og produserar bær for sal eller til produksjon av gardsmatprodukt.
- Talet på sau er så stort som eigedomen tillèt (kanskje kan vi også få låne noko jord og ha litt fleire sauer?). Hønsehus er sett opp og det vert produsert egg til privat bruk og for sal.
- Utvikling av «inn- på- tunet» kan starte opp.

Vi meiner det er viktig å vera realistisk. Ein romantisk tru på at eigedomen skal verte eit stort og viktig bidrag til hushaldet sin inntening vil vera naivt.

Vi har ikkje ressursar til å investere tungt i dyrt maskineri og innleigd arbeidskraft, og dermed vil arbeidet ta lang tid. Eigedomen er liten og vi må gjere mesteparten av arbeidet sjølv og kanskje helst også manuelt, om det skal verte mogleg å få til eit økonomisk overskot av arbeidet.

Dersom vi får til det som er lista opp i fase 1, vil eigedomen gje eit flott bidrag til kulturlandskapet på Ostereidet. Med dei fristilte gråsteinsmurane, istandsette

grindbygg og kultivert frukt- eller bærhage, vil landskapet få eit heilt anna preg enn det har no og vil føre til ei verdiauke for heile bygda.

Når vi deretter går inn i fase 2 og har eit tilbod til born og skuleelevar, og har fått til ei lita produksjon av saft og syltetøy for sal, meiner vi at eigedomen vil kunne gje eit tilskot til finansieringa av opprustinga og vedlikehaldet av eigedomen, og samstundes vera noko positivt for bygda. I tillegg vil vi få eit interessant og godt liv på ein gard som sårt treng merksemd etter å ha lagt brakk i 40 år.

Mvh Ingebjørg Eide og Jon-Vegar Sole Sundal